



FAGFORBUNDET

Osterøy

Til politikarar i Osterøy

Osterøy 15.03.2022

UTTALE I HØVE SAKA OM KONKURRANSEUTSETJING AV REINHALDET I OSTERØY KOMMUNE

Fagforbundet Osterøy støtter sjølv sagt dei uttalane og dei skriva som dei hovudtillitsvalde i kommunen har i saka.

Me undrar oss over heile prosessen i denne saka. Heradsstyret behandla sak om mogleg konkurranseutsetjing i sak 103/21 den 8. desember 2021. Vedtaket vart at fleirtalet meinte at kommunen skulle drive fram med reinhaldet i eiga regi framfor å konkurranseutsetja tenestene. Etter dette har det ikkje komon nokon klage til Kofa på vedtaket, men den eine tilbydaren har via sin advokat antyda at dei kan kanskje komme til å klage. Administrasjonen set da i gang ein prosess for å få omgjort vedtaket i heradsstyret. Kva for forvaltningspraksis er dette? Det er fatta eit lovleg demokratisk vedtak, og viss nokon antydar at dei kanskje skal klage på vedtaket så skal saka takast opp att? Det kan verte mange omkampar viss dette er måten Osterøy kommune skal handsama saker på i framtida.

I den fyrste saka som vart lagt fram der kommunen hadde brote alt som heiter speleregler i arbeidslivet i slike prosesser så gjekk det fram at det var teke forbehold om politisk godkjenning. Juridiske vurderingar me har fått seier at dette eit forbehold som vil stå seg juridisk. Spørsmålet vårt er om Osterøy kommune har fått dette utgreia av KS, eller om dei berre støttar seg til motparten sin advokat sine synspunkt?

Ein av dei store fordelane med å ha reinhaldet i eigen regi slik me ser det er den fleksibiliteten som det gjer arbeidsgjevar. Ikkje minst så me dette i pandemien, det kjem ikkje tilleggsrekningar eller brev frå advokatar fordi rådmannen nyttar ressursane der dei har mest behov for det.

Når utgreiingar i tillegg viser at grunna forhold som valrett med meir så vil det koste meir å konkurranseutsetje tenestene enn å drive dei i eiga regi så burde valet for heradsstyret vore enkelt i våre øye.

Fagforbundet Osterøy

Ina Dorthea Olsen

Leiar